



ATTVIN AS  
Alvikvegen 194  
6019 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Guro Gjenstad, 71 25 84 29

## Attvin AS - inspeksjonsrapport 2024.012.I.SFMR

Denne rapporten handlar om resultatet frå ein inspeksjon gjennomført 5. juni 2024 ved Attvin AS. Rapporten blir rekna som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er mottatt.

Desse personane var til stades under inspeksjonen:

Frå verksemda:

Øystein Solevåg

Natalie Østrem

Daniel Flåte Dahl

Richard Flåte

Frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:

Guro Gjenstad

Mari Kaarfald Stubberud

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fann 5 avvik under inspeksjonen. Avvika gjeld:

1. Behandling av farleg avfall er ikkje sikra mot utslepp.
2. Lagring av balletert avfall skjer utandørs og delvis på utett dekke.
3. Lagring av farleg avfall skjer med fare for utslepp til vatn.
4. Det er mangelfull risikovurdering knytt til farleg avfall.
5. Delar av anleggsområdet er prega av forsøpling.

Avvika er nærmere skildra i punkt 3 i rapporten.

Attvin AS må innan 1. oktober 2024 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
underdirektør

Guro Gjenstad  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

ÅLESUND KOMMUNE  
MILJØDIREKTORATET

Postboks 1521  
Postboks 5672 Torgarden

6025      ÅLESUND  
7485      TRONDHEIM



## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Namn: Attvin AS	Anleggsnummer:
Bedriftsnr. for undereininga: 932788284	Eigd av (organisasjonsnr.): 922025096
Kommune: Ålesund	Kontrollnummer: 2024.012.I.SFMR
Løyve gitt: 01.10.2018	Løyve sist oppdatert: 31.01.2024

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen blei gjennomført som ein del av ein landsdekkande tilsynsaksjon med anlegg som tek imot farleg avfall. Verksemda har eit løyve som gjeld både farleg og ordinært avfall. Løyvet omfattar behandling av farleg avfall i form av impregnert trevirke. Nokre av vilkåra vi førte tilsyn med, er ikkje spesifikke for aktivitetar som er knytt til farleg avfall.

### Tema for inspeksjonen var:

- Mottak, handtering og lagring av farleg avfall
- Behandling av avfall
- Utsleppskontroll
- Internkontroll knytt til ytre miljø med risikovurdering og rutinar

Rapporten dreier seg om avvik og merknader som blei avdekkja under inspeksjonen og gir inga fullstendig vurdering av tilstanden til miljøarbeidet eller miljøstatusen ved verksemda.

## 3. Avvik

Avvik blir definert som manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Statsforvaltaren fant følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1

Behandling av farleg avfall er ikkje sikra mot utslepp.

### **Avvik frå:**

Punkt 1.5 og 3.5, jf. også 1.4 i løyvet.

### **Kommentarar:**

Attvin AS har løyve til å behandle farleg avfall i form av CCA-impregnert og kreosotimpregnert trevirke. Dette avfallet kan kvernast dersom det skjer utan utslepp til luft eller vatn. Kverning, lasting og lagring skal skje på tett flate utan avrenning.

Under tilsynet fekk vi opplyst at det impregnerte virket blir kverna separat, men saman med ordinært avfall som skal gå til forbrenning. Innblandinga skjer etter avtale med forbrenningsanlegget. Det samknuste avfallet blir pakka inn i plastballar (balletert). Kverning og



balletering skjer utandørs på tett flate, men det er ikkje tak over området. Vatn renn gjennom avfallet når det er nedbør. Avrenninga går via oljeutskiljar og sigevassbasseng før det endar i sjøen.

I løyvet er det krav om at kverning av ordinært avfall skal skje i bygg med tre veggar og tak.

## **Avvik 2**

Lagring av balletert avfall skjer utandørs og delvis på utett dekke.

### **Avvik frå:**

Punkt 3.5 i løyvet.

#### **Kommentarar:**

Kravet i løyvet er at samknust avfall skal lagrast i det same lokalet der kverning og lagring av trykkimpregnert virke skjer.

Som skildra i avvik 1, skjer ikkje kverninga i eit lokale, men utandørs. Lagringa av det balleterte avfallet som kan innehalde både ordinært og farleg avfall, skjer også ute. På tilsynsdagen var det store mengder som var lagra i fleire ulike område av anlegget. Ikke alle lagerområda hadde tett eller fast dekke. Mange av ballane hadde skadar i form av hol i plastemballasjen, og enkelte stader hadde avfall kome ut av emballasjen. Begge deler fører til at vatn kjem i kontakt med avfallet, og stoff frå både farleg og ordinært avfall kan renne av. Skadd emballasje kan også føre til forsøpling i området, jf. avvik 5.

## **Avvik 3**

Lagring av farleg avfall skjer med fare for utslepp til vatn.

### **Avvik frå:**

Punkt 3.4 i løyvet.

Forureiningsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 nummer 1d.

#### **Kommentarar:**

Løyvet krev at farleg avfall skal lagrast slik at det ikkje oppstår forureining. Løyvet viser elles til avfallsforskrifta som krev at lagring av farleg avfall skal skje med oppsamling av eventuell avrenning.

I lokalet der farleg avfall blir tatt imot og nokre avfallstypar står lagra, er det sluk i golvet. Dersom det oppstår ein lekkasje frå det lagra avfallet, vil dette kunne nå sjøen via slukken i golvet som leier vatn til ein oljeutskiljar. Frå utskiljaren går vatnet vidare via sigevassbasseng til sjøen.

## **Avvik 4**

Det er mangefull risikovurdering knytt til farleg avfall.

### **Avvik frå:**

Punkt 2.2 og 10.1 i løyvet.

Interkontrollforskrifta § 5 andre ledd nummer 6.

#### **Kommentarar:**

Internkontrollforskrifta krev at verksemda skal kartlegge farar og problem og ut frå dette vurdere risiko og utarbeide planer og tiltak for å redusere risikoforholda. I løyvet er det sett krav om at verksemda skal ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining, og all aktivitet ved anlegget skal analyserast med tanke på miljørisiko.



Etter tilsynsdagen fekk vi tilsendt Attvin AS si risikovurdering som gjeld tilhøve knytt til farleg avfall. Den viser at mange av risikomomenta som er ført opp, manglar vurdering av både sannsyn og konsekvens, og momenta er dermed ikkje risikovurderte. Dette gjeld mellom anna lekkasje av farleg avfall og kverning av impregnert trevirke.

### **Avvik 5**

Delar av anleggsområdet er prega av forsøpling.

#### **Avvik frå:**

Punkt 3.6 i løyvet.

#### **Kommentarar:**

Løyvet krev at verksemda alltid skal halde anlegget og områda ikring i orden og fri for forsøpling.

På tilsynsdagen var det avfallsrestar langs kantar og i grøfter på området der Attvin AS sine aktivitetar går føre seg. Utandørs kverning, balletering og lagring slik det er skildra i avvik 1 og 2, bidreg til at avfall hamnar på avvegar. I delar av anlegget manglar det gjerde, og flygeavfall kan derfor spreie seg til større område. Det same kan skje når fuglar har lett tilgjenge til avfallet.

## **4. Oppfølging etter inspeksjonen**

Attvin AS har plikt å rette opp dei avvika som er skildra i denne rapporten så snart som mogleg. For at Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saka, må de innan 1. oktober 2024 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta.

Vi ber om at de sender svarbrev på e-post til [sfmrpost@statsforvaltaren.no](mailto:sfmrpost@statsforvaltaren.no) eller på papir til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde, merka med saksnummer. Saksnummeret er 2007/2053.

## **5. Vedtak om gebyr**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal varsla under tilsynet at Attvin AS vil bli pålagt eit gebyr på kr 38 900 for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarar til sats 1. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Moglegheit for klage**

De har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har mottatt denne rapporten. Klagen skal angi den eller dei endringane som de ønskjer. Klagen bør grunngjenvæst og skal sendast til Statsforvaltaren.



## 6. Offentlegheit

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for offentlegheita via postjournalen til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, jf. offentleglova. I tillegg vil rapporten vere tilgjengeleg på [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

Vi sender kopi til Miljødirektoratet som er myndighet for forbrenningsanlegget der ballert restavfall iblanda impregnert trevirke blir brent.

## 7. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova) med underliggende forskrifter
- *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta)
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta)
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta)
- Tillatelse til mottak, mellomlagring og behandling av ordinært avfall og farlig avfall for Attvin AS i Ålesund kommune. Tillatelsesnummer 2018.0848.T. Gitt av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 1. oktober 2018.

## 8. Informasjon til verksemda

Informasjonsark som blei delt ut under inspeksjonen: «Gebyr ved kontroll – informasjon fra Statsforvalteren».

## 9. Bilde

Bilda under illustrerer nokre av avvika.

Avvik 1 om behandling av farleg avfall som skjer ute:





Avvik 2 om lagring av balltertert avfall utandørs og delvis på utett dekke.




Store mengder balletert avfall ligg lagra ute. Dette bildet viser eitt av dei mange lagerstadane.



Eksempel på balletert avfall med hol i emballasjen og avrenning til utett dekke. Kverna avfall fell ut av emballasjen.



Avvik 3 om lagring av farleg avfall med fare for utslepp til vatn:



Sluk i golv i bygget der farleg avfall blir tatt imot.

Avvik 5 om område prega av forsøpling:





Side: 9/9

